

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
020/2016	Formannskapet i Radøy	PS	18.02.2016
012/2016	Kommunestyret i Radøy	PS	03.03.2016

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Bente Kopperdal Hervik	15/2143	16/1570

Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø 2016-2026

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø 2016-2026 skal vera Radøy kommune sitt styringsdokument for ei langsiktig utvikling av anlegg for idrett og fysisk aktivitet, og friluftsliv i Radøy kommune og for å nå målet om å få «alle i aktivitet». Planen er ein tematisk plan med status som kommunedelplan. Planen er prioritert i Kommunal planstrategi for Radøy 2012-2016, og planarbeidet skjer etter føresegnene i plan- og bygningslova. Planen er utan juridisk bindande verknad når det gjeld arealdisponeringar.

Sidan 1994 har det også vore eit statleg krav at kommunane skulle utarbeida ein tematisk plan for idrett og friluftsliv i samsvar med plan- og bygningslova. Kommunedelplanen vil derfor danna grunnlag for å søkja spelemidlar til ordinære anlegg og nærmiljøanlegg.

Formannskapet vedtok i møte 17. desember 2015 sak 107/2015 å leggja utkast til plan ut på høyring i seks veker. Høyringsfristen vart sett til 1. februar.

Det kom ni innspel innan fristen. Eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne bad om utsett frist og har levert innspel før saka var ferdig handsama i administrasjonen, og er dermed tatt med. Landbruksfagrådet og underutvalet for vilt og innlandsfiske har bede om utsett frist, og eventuelle uttalar frå dei vert lagt ved saksframlegget. Eventuelle endringar i planen basert på deira innspel vil verta gjort før kommunestyremøtet.

Vurdering

Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø 2016-2026 inngår i Radøy kommune sin planstrategi, som vart vedtatt hausten 2012 (KS-079/12). I planstrategien vart det også vedtatt at eksisterande plan, *Kommunedelplan for anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø 2008-2011* skulle vidareførast til ny plan er ferdig.

Formannskapet vedtok oppstart av planprosessen av og la planprogrammet ut på høyring 15. mars 2012 med høyringsfrist 15. mai 2012. Av ulike årsaker stoppa arbeidet med planprogrammet opp ei stund, men 20. mars 2014 vart planprogrammet vedtatt i formannskapet.

Det har vore sett ned ei administrativ arbeidsgruppe som har hatt ansvar for gjennomføring av

planarbeidet. Dei som har vore med i gruppa i heile eller delar av prosessen er frå administrasjonen i kommunen: Lisbeth Alvær, Lin Tove Thomassen, Katarina Birkeland, Kjersti Flatråker, Odd Matre, Leif Taule og Bente K. Hervik. I tillegg har Bjørn Ove Myking representert Radøy idrettsråd i arbeidsgruppa. Formannskapet har vore styringsgruppe for planarbeidet. Ungdomsrådet, eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne har vore referansegruppe.

Det vart invitert til ope bygdemøte på Sæbø skule 9. mai 2014. Kommunen sine tenesteleiarar, råd for menneske med nedsett funksjonsevne og eldrerådet, er inviterte spesielt til å kome med innspel i løpet av planprosessen. Planarbeidet er presentert for frivilligsentralen, og ungdomsrådet har hatt saka til handsaming. Det er også gjennomført barnetråkkregistrering ved Manger skule, og ein nyttar også tilsvarande registrering frå Hordabø skule i arbeidet med planen. I samband med eit prosjekt om kartlegging av friluftsområde har ein undersøkt skulane og barnehagane sin bruk av nærområda spesielt, og innbyggjarar sin bruk av friluftsområde generelt. Innspel som er kome til arbeidsgruppa i løpet av planprosessen er vurderte og ein del av dei er tatt inn i planen.

Det er lagt ein del statlege føringar for planarbeidet, mellom anna i *Meld. St. 26 (2011–2012) Den norske idrettsmodellen*, i *Nasjonal strategi for et aktivt friluftsliv. En satsing på friluftsliv i hverdagen; 2014–2020* og i *Meld. St. 19 (2014-2015) Folkehelsemeldingen — Mestring og muligheter*. Desse er følgd opp i arbeidet med planen. Kulturdepartementet har utarbeidd ein rettleiar for «Kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet», revidert utgåve i 2014 og 2015. Denne rettleiaren har vore nytta i planarbeidet.

Planen viser kva for rammer og føringar som ligg til grunn for planen, evaluerer resultatet etter førre plan, presenterer ein del utfordringar og utviklingstrekk, viser status for anlegg og aktivitetar i dag og legg mål og strategiar for arbeidet framover.

Planprogrammet slo fast at visjonen for planen skulle vera *Alle i aktivitet!* I utkastet til planen er følgjande hovudmål med:

1. Radøy kommune skal bidra til auka fysisk aktivitet for innbyggjarane i kommunen.
2. Radøy kommune skal leggja til rette for gode anlegg og område for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.

Til kvart av hovudmåla er det fleire delmål med strategiar for å nå desse måla. Det er utarbeidd handlingsplan for planperioden 2016-2019 for ordinære anlegg, nærmiljøanlegg og langtidsprogram for perioden 2016-2026. I tillegg er det utarbeidd eit handlingsprogram for aktivitetsmål. Handlingsprogrammet skal rullerast årleg og det skal gjerast politisk vedtak på prioritering av innkomne spelemiddelsøknader kvart år.

Administrasjonen har motteke desse merknader til planforslaget:

1. Anja Elisabeth Broch/ Radøy ridesenter:
Anja Elisabeth Broch/ Radøy ridesenter ynskjer å få opp ridehall i løpet av ein treårsperiode for å gje eit betre tilbod til dei som ynskjer rideundervisning, og for å kunne utvida sesongen og ikkje vere så avhengige av ver og føre. Ein ridehall vil og kunna nyttast til hundesport, som for eksempel lydighet og agility. Dei ynskjer og å sjå på moglegheiten til å setja opp klatrevegg i ein evt hall.

Dei melder også at det er ynskjeleg for hestesporten sin del at stiar og turveggar vert tilrettelagte slik at ferdsel med hest vert mogleg. Dette tilseier til dømes at ein bør ha grindar ved siden av gjerdekliv, og heller leggja grus på blaute plassar på stiar og evt leggja røyr enn å leggje ut kloppar.

Ho kjem også med utfyllande informasjon om ridemiljøet i kommunane.

Vurdering

Det er gjort justeringar i teksten ut frå tilbakemeldingane frå Anja Elisabeth Broch. Ridehall er lagt inn under aktuelle prosjekt og langtidsplanen, men ikkje prioritert i handlingsplanen då privatpersonar eller verksemdar ikkje kan søkja spelemidlar. Ei avklaring med omsyn til eigartilhøve må koma først, og hallen kan leggjast inn i handlingsprogrammet ved rullering av planen.

Grinder og gruslegging av stiar kan vurderast der det er aktuelt. Eit alternativt til grus kan vera steinheller. Dette er tatt inn i teksten i kap 5.2.2.

2. Bergen og omland friluftsråd (BOF)

Bergen og omland friluftsråd oppfordrar BOF Radøy kommune om å satsa meir på tilretteleggingstiltak for kano/kajakk og småbåtar.

BOF oppfordrar Radøy kommune til å jobba meir aktivt med sikring av friluftsområde. Dei meiner følgjande stader kan vera aktuelle for sikring eller for utviding av eksisterande statleg sikra friluftsområde: Snekkevika, området ved Nesvatnet (bak Radøyhallen), Mangersholmene (utviding av eksisterande område), område rundt Klesvika ved Nesvatnet, utviding ved Solheimsvika, og området mellom parkeringsplassen og friluftsområdet på Toska nord.

Vurdering

Rådmannen er samd med BOF om at det kan verta gjort meir for tilrettelegging for padling og roing. Dette er tatt inn i teksten under kap 5.2.5.

BOF har ei rekkje forslag til område som er aktuelle for statleg sikring. Dette gjeld stort sett utviding av eksisterande område, men òg nye område som Snekkevika og området bak Radøyhallen ved Nesvatnet. Rådmannen er samd med BOF sine vurderingar og har utvida kapittel 5.2.1 med utgangspunkt i BOF si tilbakemelding. I kapittel 7.4 «Handlingsplan for aktivitet» er det sett inn at kommunen skal starta prosessen med statleg sikring av friluftsområde i 2016.

Når det gjeld Snekkevika har kommunen hatt møte med BOF for å diskutera kva som kan gjerast med området. Snekkevika er eit flott friluftsområde med ein lun og skjerma badeplass, men med stort behov for opprusting av område og tilkomst. Avtalen om parkeringsplassen er gått ut, det er eit omfattande arbeid å setja i stand vegen ned til Snekkevika og det er også eit problem å få tømd toalettet via sjøvegen, då BOF ikkje kjem inn med sin båt.

Det er ikkje aktuelt med spelemidlar til vegen til Snekkevika, då spelemidlar berre vert gjeve til turveggar over to kilometer. Landbrukskontoret opplyser at ein heller ikkje vil få tilskot til skogsveg her, då det er for lite skog i området. Området kan vurderast for statleg sikring. Då kan ein få 50 % tilskot til sikringskostnadene og grunnleggjande tilrettelegging. Område i og ved byar og tettstader vert prioriterte i denne ordninga.

3. Evy Dame

Evy Dame meiner at eit kystkultursenter der ein kombinerer friluftsliv og kulturvern hadde vore ynskjeleg. Dette senteret kunne fungert som ein base for kystaktivitetar, eit kurscenter og eit museum der ein kunne ta hand om gamle båtar m.m.

Ho peikar på at vegen frå Sæbøvågen til Litlavatnet med enkle tiltak kan gjerast tilgjengelege for personar i rullestol.

Vurdering

Rådmannen meiner at eit kystkultursenter hadde vore positivt både for Radøy kommune og heile Nordhordland. Det fell likevel utanfor det som er naturleg å handsama i denne planen.

Rådmannen er positiv til innspelet om opprusting av vegen frå Sæbøvågen til Litlavatnet. Dette fell likevel utanfor spelemiddelordninga, då vegen er for kort til å få tilskot som turveg eller turløype (ordinært anlegg). Rådmannen vil difor oppfordra til at det vert søkt tilskot til vegen frå t.d. Gjensidigestiftelsen eller andre som deler ut midlar til friluftsmål.

4. FAU Radøy ungdomsskule

- Radøy kommune må fortsetja satsing på ungdomen i Radøy. Satsinga bør vera lokalisert til område ved ungdomsskulen.
- Ynskjer at kommunen forpliktar seg sterkare når det gjeld å halda oppe tilbodet i Radøyhallen, og særleg bassenga.
- Ynskjer vidareutvikling av idrettsområdet ved skulen for andre aktivitetar enn fotball.
- Ber om at kommunen forpliktar seg til å ha minst éin time fysisk aktivitet i skulen kvar dag.
- Å få folk til å gå eller sykla til skulen er ein enkel måte å få folk meir fysisk aktive. FAU ved Radøy ungdomsskule ber difor om at det vert gjort grep med omsyn til trafikktryggleik i området kring ungdomsskulen.
- Ber om at kommunen opprettar ei støtteordning for familiar med dårleg økonomi, slik at borna kan delta i idrettsaktivitetar på lik linje med andre.

Vurdering

Radøy kommune har vedtatt ei satsing på born og unge mellom anna i kommuneplanen og kulturplanen. Denne planen seier også at born og unge skal prioriterast i denne planen.

Rådmannen er samd med at det er ynskjeleg at Radøyhallen at Radøyhallen er ope heile skuleåret, men opningstider må også sjåast i samheng med talet på brukarar og kostnader med å halla hallen open. Det er tatt inn eit punkt under 6.2.2 at opningstider for bassenget skal vurderast årleg.

Rådmannen støttar FAU sitt ynskje om at idrettsområdet ved skulen skal vidareutviklast til å omfatta andre aktivitetar enn fotball. Både friidrettsanlegg og eit aktivitetsanlegg er med i planen og i tråd med delmåla i planen.

Det er vanskeleg å forplikta seg til at elevane skal ha minst ein time fysisk aktivitet kvar dag. Kommunen og skulen må gjera unntak frå fag- og timefordelinga i læreplanen dersom alle elevar skal ha minst éin time fysisk aktivitet kvar dag. Skulane må òg involverast i slik prosess. Dette punktet er tatt inn under «Strategi og ansvar» i kapittel 6.2.1.

Rådmannen er samd med at det å gå eller sykla til skulen kan ha ein positiv folkehelseeffekt. Trafikktryggleik er handsama i Trafikksikringsplanen, og er noko som fell utanfor temaet for denne planen.

Familiar med anstrengt økonomi kan søkja NAV om stønad til fritidsaktivitetar for born. Administrasjonen vurderer at det ikkje er aktuelt å oppretta ei støtteordning for familiar som ikkje kjem inn under NAV si ordning.

5. Statens vegvesen

Statens vegvesen har ikkje fleire kommentarar til høyringa, men tek atterhald om å koma med merknadar dersom det kjem konkrete framlegg om tiltak eller anlegg.

6. Hordaland fylkeskommune

Hordaland fylkeskommune meiner at mål, strategiar og handlingsprogram svarer på aktuelle utfordringar i Radøy kommune, og rår til at gjennomføringa av kommunedelplanen vert prioritert i økonomiplanen.

Hordaland fylkeskommune rår til at det vert gjort justeringar og presiseringar i planen i tråd med merknadene i saka. Hordaland fylkeskommune har følgjande forslag til endringar i planen:

- Tabellen i kap 4.1 har for store aldersgrupper.
- Fylkeskommunen ser positivt på at det vert tilrettelagt ein universelt utforma turveg i kommunen, og oppmodar Radøy til også å prioritere å tilrettelegge eit friluftsområde for personar med nedsett funksjonsevne. Dette er i tråd med regional kulturplan der det er eit konkret tiltak at det skal vere minst eitt universelt utforma friluftsområde i kvar kommune.
- For å auke bruken av eksisterande turløyper, bør det vurderast lyssetjing (Jf regional kulturplan). Dei i nærmiljøet bør prioriterast. Dette bør vurderast å legge inn som punkt 3 i kap. 6.2.2 Anlegg og delmål seks.
- Prioritert handlingsprogram for ordinære anlegg og nærmiljøanlegg er noko mangelfulle i høve økonomiplan.

Vurdering

Tabellane i kap 4.1 er bytta ut med tabellar med 10-årig aldersgruppering.

Rådmannen er samd i fylkeskommunen si oppfordring om å gjera minst eitt friluftsområde i kommunen universelt utforma. Rådmannen foreslår at ein satsar på på området ved Nesvatnet og badeplassen ved Mangersholmane. Dette er tatt inn i kap 5.2.1 og 5.2.3.

Lyssetjing er aktuelt ved den planlagde turvegen på Manger. Dette er tatt inn i planen i punkt 6.2.2.

Handlingsprogrammet er oppdatert med kjende tal.

7. FAU Sæbø skule

- Ballbingen ved Sæbø skule bør oppgraderast.
- Klatreveggen ved Sæbø skule bør setjast i stand.
- Resturering av heile uteområdet bør prioriterast. Ein bør følgja arkitekttteikningane på Sæbø skule slik at det ser ferdigutstilt ut.
- Skuleplassen bør asfalterast.

Vurdering

Ballbingen er nemnd i kapittel i handlingsprogrammet.

Punkta som gjeld klatrevegg, restaurering av uteområde og asfaltering av skuleplass vil verta vurdert i samband med investeringsprosjektet for Sæbø skule som er sett i gang.

8. Fylkesmannen i Hordaland

Meiner kommunen har tatt omsyn til dei fleste av innspela Fylkesmannen hadde til oppstart av kommunedelplanen og har ingen nye merknader til planen.

9. Hordabø IL

Hordabø IL ynskjer å få sett opp ein klatrehall ved idrettsparken på Bø.

Vurdering

Anlegg for klatring manglar i Radøy kommune. Dette er tatt inn i planen i punkt 5.1.15 og i handlingsprogrammet kapittel 7.1.

10. Eldrerådet

Eldrerådet ber om at etablerte aktivitetar for fleire grupper vert synleggjort i planen, og ber om at dette vert tatt inn i kapittel 5.1.15 i planen:

«LHL har vekentlege aktivitetar for eldre:

Seniordans måndagar på Smits møte- og selskapslokale måndagar.

Eldretrim i Tingstova måndagar

Sitjedans på Velferdsenteret onsdagar

Hjartetrim på Manger skule torsdagar»

Vurdering

Aktivitetane til LHL er nemnd under «Anna» som no er kap 5.1.16 i planen.

11. Råd for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF)

RMNF ynskjer at ein under kapittel 5.2.3, «Aktuelle prosjekt» tar med at kommunen skal ha dialog med RMNF om kvar ein universelt utforma badeplass skal liggja.

Ynskjer eit nytt delmål som seier at «Kommunen skal leggja til rette for brukarmedverknad og ha dialog med Råd for menneske med nedsett funksjonsevne i planprosessane.»

RMNF ber om avklaringar når det gjeld setningen «Utsette grupper og menneske med nedsett funksjonsevne lyt få ekstra merksemd.» i kapittel 4.2.

RMNF ber om at ein universelt utforma badeplass vert prioritert.

Vurdering

Det er tatt inn ein kommentar om at kommunen skal ha dialog med BOF og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne om kvar ein skal ha ein universelt utforma badeplass.

«Kommunen skal leggja til rette for brukarmedverknad og ha dialog med Råd for menneske med nedsett funksjonsemne i planprosessane» er tatt med under strategi og ansvar under delmålet om at anlegg skal innfri krav til universell utforming.

Formuleringa «Utsette grupper og menneske med nedsett funksjonsevne lyt få ekstra merksemd.» i kapittel 4.2 er endra.

Ein universelt utforma badeplass kan prioriterast i samband med rullering av handlingsplanen når plassering er avklara.

Konklusjon

Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø gjev ei oversikt over kva utfordringar og satsingsområde for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i Radøy kommune som skal prioriterast i planperioden 2016-2026. Med dei justeringar som er gjort etter høyringsrunden rår rådmannen til at kommunedelplan idrett, friluftsliv og nærmiljø 2016-2026 vert send over til kommunestyret for endeleg vedtak.

Underutvalet for vilt og innlandsfiske og landbruksfagrådet har bede om å få levera uttale etter fristen, og etter at saksframlegget er ferdigstilt. Eventuelle innspel frå desse råda vert lagt ved saksframlegget til formannskapet og endringar av planen basert på deira innspel vert gjort innan planen kjem til kommunestyret.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø 2016-2026 vert, med heimel i § 11-1 i plan- og bygningslova, vedtatt slik den ligg føre.

Formannskapet i Radøy - 020/2016

FS - handsaming:

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

FS - vedtak:

Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø 2016-2026 vert, med heimel i § 11-1 i plan- og bygningslova, vedtatt slik den ligg føre.

Kommunestyret i Radøy - 012/2016

KS - handsaming:

Kommunalsjef Lisbeth T. Alvær orienterte om planen og planarbeidet, og svarta på spørsmål. "Alle i aktivitet" er visjonen for kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø. Hovudmåla i planen er at kommunen skal bidra til auka fysisk aktivitet for innbyggjarane i kommunen og leggja til rette for gode anlegg og område for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.

Representantane som tok ordet gav ros for godt arbeid og ein god plan.

Vidar Grindheim (H) ba administrasjonen vera merksam på mogleg interessekonflikt knytt til bruk av Trettholmen/Mangerøy i kommunedelplanen og bruk av den tidlegare Jotuntomta og RadøyGruppen si planlagde utbygging i området.

Frode Hervik (V) sette fram følgjande tilleggsframlegg:

Prioritert handlingsprogram nærmiljøanlegg 2016-2019 vert supplert med ballbingar/ballflater på Manger skule, Hordabø skule og Austebygd skule.

I opplistinga over stiar ønskjer Leif Taule (Sp) å ta inn fleire mykje brukte stiar i kommunen.

Han sette fram følgjande tilleggsframlegg:

Følgjande stiar vert tatt inn i planen:

Sætre-Storuvshøyen

Ystebø-Lometjørna-samfunnshuset

Haukåsen

Vetåsveten/Hestefjellet

Leif Taule meiner også det er viktig at både klatreplan ved Radøyhallen og utbygging/oppgradering av sømjehallen i Radøyhallen for fleire aktivitetar, må med i planen. For å få spelemidlar er det heilt nødvendig at anlegg er nemnd i planen.

Taule sette fram følgjande tilleggsframlegg:

Handlingsprogram for ordinære anlegg vert supplert med følgjande:

- Klatrevegg i/ved Radøyhallen vert ført opp på uprioritert plass i handlingsprogrammet.
- Utbygging/oppgradering av sømjehallen i Radøyhallen vert ført opp på uprioritert plass i handlingsprogrammet.

Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapet si tilråding med tilleggsframlegg sett fram i møtet.

KS - vedtak:

Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø 2016-2026 vert, med heimel i § 11-1 i plan- og bygningslova, vedtatt med følgjande tillegg:

Følgjande stiar vert tatt inn i planen: Sætre-Storuvshøyen Ystebø-Lometjørna-samfunnshuset Haukåsen Vetåsveten/Hestefjellet

Prioriterte handlingsprogram nærmiljøanlegg 2016-2019 vert supplert med ballbingar/ballflater på Manger skule, Hordabø skule og Austebygd skule.

Handlingsprogram for ordinære anlegg vert supplert med følgjande:

- Klatrevegg i/ved Radøyhallen vert ført opp på uprioritert plass
- Utbygging/oppgradering av sømjehallen i Radøyhallen vert ført opp på uprioritert plass

Vedlegg:

Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø 2016-2026

Innspel - Anja Broch

Uttale - Bergen og omland friluftsråd

Innspel - Evy Dame

Uttale FAU Radøy ungdomsskule

Uttale Statens Vegvesen

Høyringsfråsegn- Hordaland fylkeskommune

Høyringsfråsegn Hordaland fylkeskommune - sakspapir

Uttale - FAU Sæbø skule

Uttale - Fylkesmannen i Hordaland

Innspel frå Hordabø IL

Uttale frå eldrerådet

Uttale frå råd for menneske med nedsett funksjonsevne